

Kystkultur no!

Namnejustering: Frå Stiftinga Kystsogevekene til Stiftinga Kystkultur no!

Bergen 7. mai 2019

Stiftinga vart oppretta i 1997 under namnet Kystsogevekene, men tar våren 2019 nytt namn: Stiftinga Kystkultur no!

Bakgrunn for namnejusteringa

Det gamle Kystsogevekene-namnet er langt og uklart. Sjølv om namnet har over 20 års fartstid er det skuffande lite kjend. Dagleg leiar har opplevd svært ofte, dvs fleire gongar kvar einaste veke, at folk i media, forsking, forvalting på regionalt, kommunalt og friviljug nivå har vanskar med å lesa, seia eller forstå namnet og konseptet Kystsogevekene. Dette er i seg sjølv eit rimeleg tydeleg signal om at dette namnet ikkje kommuniserer godt nok kva stiftinga arbeider for. I tillegg er namnet langt, noko som aukar faren for feilskriving. Dette viser seg særleg ofte i kontakt med aktørar som ikkje kjenner til Kystsogevekene.

25. april vedtok representantskapet samråystes nytt namn: *Stiftinga Kystkultur no!* Dette namnet er kort og markerer poengtert domenet til vefsida som er stiftinga sitt andlet utad, medan *no!* spelar på at det handlar om å løfta fram det som er aktuelt kring kystkultur for tida.

Vidarefører formålet

Stiftinga Kystkultur no! er ei ikkje-næringsdrivande stifting med føremål å stimulere og verke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kystkulturtildob og koordinering av kystkultur i Vestlandsregionen.

Stiftinga Kystkultur no! fremjer arrangement på både sjø og land: større festivalar, smale nisjearrangement, båtturar på små og store farkostar, konsertar, teater, utstillingar, omvisningar, vandreturar, marknad/arena for småskala næringsliv, arena for artistar/handverkarar/utøvarar og ikkje minst er dette ein møtestad på tvers av generasjonane.

Nye medlemskommunar

I representantskapssak 08/18 *Vegen vidare for Kystsogevekene* vart styret og dagleg leiar gitt i oppdrag å arbeida for ei utviding av stiftinga sitt arbeidsområde. Dette har sjølvsagt samanheng med regionreformen der dei to fylka Hordaland og Sogn og Fjordane skal slåast saman. I 2018 og 2019 har dagleg leiar Kjell Magnus Økland hatt møter med ei rad aktørar i ulike kommunar for å knyta kontaktar og informera om stiftinga sitt arbeid. I dette arbeidet har også styremedlemene bidratt med kobling og informasjon til ulike aktørar om stiftinga. Interessa har vore god hjå mange kommunar og i skrivande stund har åtte kommunar gjort vedtak om innmelding i stiftinga: Eid, Selje, Askvoll, Hyllestad, Fjaler, Solund, Modalen og Samnanger.

Kystkultur no!

Det er óg god grunn til å tru at enda fleire kommunar utover i 2019 vil gjera tilsvarande vedtak om innmelding i stiftinga. Grunna dette, men óg grunna fleire komande kommunesamanslåingar vil det difor koma justeringar på lista over medlemskommunar. Uansett så har det geografiske arbeidsområdet til stiftinga alt auka vesentleg, det same gjeld talet på innbyggjarar.

Frå avgrensa tidsperiode i august/september til heilårs

Fleire av dei nyinnmelde kommunane har vore inne på at dei har svært relevante arrangement som høver godt i konseptet, men som skjer på andre tidspunkt enn innanfor den tradisjonelle perioden i august og september. Dette poenget er óg relevant i dei eksisterande medlemskommunane óg. Styret og representantskapet til Stiftinga Kystkultur no! har difor gått inn for at stiftinga frå 2020 arbeider for ei heilårs fremjing av kystkultur.

Mykje 2020 her, men kva med arrangementa i 2019?

2019 vert såleis eit mellomår for å klargjera til noko nytt frå 2020 av. Det er utarbeidd ei ny nettside, www.kystkultur.no, der arrangørar sjølv legg inn informasjon. Stiftinga Kystkultur no! vil så marknadsføra arrangementa via lokalavisene, skjermar i det offentlege rom og sosiale media. Sjå meir om dette i faldaren om Stiftinga Kystkultur no!

I 2019 vert den gamle arrangementsperioden i august og september vidareført, med offisiell opning i Gulen laurdag 10. august. Stiftinga Kystkultur no! promoterer elles gjerne arrangement som skjer utanfor august og september óg.

Bruk skjemaet på kystkultur.no → Vil du bidra? → Skal du arranger?

Er du ute i god tid (5 veker eller meir) vil arrangementet verta marknadsført i regionale samleannonser i lokalavisene.

Arrangementsstøtte 2019

Kvart år deler Stiftinga Kystkultur no! ut midlar til utvikling av arrangement. Søknadsfrist er 10. juni. Send søknad til post@kystkultur.no. Tilskot frå Stiftinga Kystkultur no! skal vere med å auka kvaliteten på arrangementet og kan vera noko som gjev arrangementet eit ekstra løft. Søknadsomfang: hald deg til ei A4-side.

Meir info: kystkultur.no → Vil du bidra? → Arrangementsstøtte

Arrangementstøtta er gjort mogleg av Grieg Foundation og Stiftelsen Neptun.

Informasjonsmøter

Forutan medieomtale om desse endringane vil stiftinga sin daglege leiar freista å vitja flest mogleg av medlemskommunane for å halda informasjonsmøter med kommunen og aktuelle kystkultur-aktørar. Dette vil skje i løpet av mai og juni.

Spørsmål eller tilbakemeldingar?

Ta gjerne kontakt!

Helsing
Kjell Magnus Økland
Dagleg leiar
Stiftinga Kystkultur no!
+47 95 04 67 39
post@kystkultur.no
www.kystkultur.no

